

Kommunedelplan for naturmangfald i Ål kommune 2026-2030

HALLINGDAL

Kjære lesar

Ål kommune har eit unikt naturmangfald som både er ein verdi i seg sjølv, og ein ressurs for lokalsamfunnet vårt. For meg er det viktig å ta vare på naturen gjennom kunnskap, ansvar og langsiktig planlegging. Denne kommunedelplanen er eit verktøy for å sikre at me forvaltar naturen på ein måte som gjev rom for berekraftig bruk.

I arbeidet med planen har det vore to spørjeundersøkingar og to dialogmøte med innbyggjarar og turistar. Tilbakemeldingane seier at friluftsliv, sanking og oppleving av ro og stille er kvalitetar som naturen i Ål kan by på, og som er verdt å ta vare på. Planen har ein tiltaksdel, med forslag til tiltak, og fristar for gjennomføring. Dette er ikkje eit arbeid med ein sluttdato, men vil vera i endring etter kvart som ny kunnskap kjem til.

Det er tre verna område i Ål; Fødalen, Tuftelia og Vola. Historia vår viser korleis naturen har vore grunnlaget for liv og næring i fjellbygdene. Villreinen, som me har eit internasjonalt ansvar for, er ein del av denne historia. Dei kalkrike fjella og den særprega geologien gjev gode beite og eit rikt artsmangfald. Dette er verdiar me må ta vare på – ikkje berre for oss, men for komande generasjonar.

Samtidig veit me at Ål er attraktivt for friluftsliv, turisme og hyttebygging. Det skapar arbeidsplassar og aktivitet, men også utfordringar. Me må finne balansen mellom utvikling og ulike interesser, mellom tilrettelegging og omsynet til villrein og beitedyr. Det krev kunnskap og kloke val.

Eg meiner at allemannsretten skal stå sterkt, og at naturen skal vere tilgjengeleg for alle. Men me må


Foto Ole Johs. Brye - Ål 24. sept. 2025

forvalte med ansvar, slik at me sikrar både naturkvalitetar og lokalsamfunnet sine behov. Denne planen skal hjelpe oss til å ta faktabaserte avgjerder som gjev rom for vekst og trivsel, utan å gå på kompromiss med dei verdiane naturen representerer. Med dette arbeidet legg me grunnlaget for ei berekraftig framtid – der Ål er ei attraktiv kommune å bu i, besøke og investere i.

Jørund Li, ordførar



FN sine berekraftsmål er verda sin felles arbeidsplan fram mot 2030. Noreg har forplikta seg til å nå berekraftsmåla.
Berekraftsmåla med svart firkant rundt, i bildet over, er mål som er vesentlege for kommunedelplan for naturmangfald.

Innhold

Forord	6
Ordliste	8
Overordna føringar, mål og fokusområde	10
Kva verdi har natur?	12
Naturen i Ål	14
Påverknadar	34
Lover, forskrifter og rundskriv	50
Tiltak	52


Forord

Natur er livsgrunnlaget for alle artar på jorda. Den gjev oss blant anna reint vatn, klar luft, mat, medisin, materiale og fysisk og psykisk god helse.

Natur er eit klimatiltak fordi den fangar og lagrar halvparten av all karbon som blir sleppt ut. Naturleg karbonlagring – i skog, myr, åker og eng – er vårt viktigaste verktøy for å redusere innhaldet av klimagassar i atmosfæren.

Natur er økonomi og grunnlaget for velferda vår. Viss vi skulle betalt for det naturen gjer for oss, for eksempel redusere flaum, pollinere, eller reinse vatn, ville det kosta enorme summar i året.

Foto: Tin Åre Linderud



Norsk forbruk tilsvarar vekta av fire elefantar. Verdsgjennomsnittet er vekta av ein elefant. Illustrasjon: Naturvernforbundet

Menneske endrar naturen over heile kloden, så mykje at det trugar livsgrunnlaget vårt. Vi brukar dobbelt så mykje av jorda sine ressursar som vi gjorde i 1980.

Ål kommune søkte Miljødirektoratet om tilskot til utarbeiding av plan for naturmangfald. Ål fekk saman med 42 andre kommunar i landet, løyvd 400 000 kroner til dette arbeidet.

Tilskotet frå Miljødirektoratet har blitt brukt til NiN-kartlegging for å auke kunnskapen om naturen, på Hevjanåsen og rundt Bosset.

Denne planen sei noko om status, verdivurdering, og påverknadar for naturen i Ål.

Ordliste





Art: Ei samling med individ som kan krysse seg med kvarandre og utveksle gen. Nokon artar (t.d. sopp) kan likevel formere seg uavhengig av andre individ (ved celledeling, knoppskyting og jomfrufødsel).

Biologisk mangfald: Jordas variasjon av livsformer – millionar av planter, dyr, sopp og mikroorganismar, arvestoffa deira og det kompliserte samspelet dei er ein del av.

Biotop: Anna namn på levestad

Framand art: Ein art som finst utanfor sitt naturlege utbreiingsområde.



Framandartslista: Vurdering av den økologiske risikoen til framande artar som kan reproducere seg i Noreg.

Grønstruktur: Nettverket av små og store naturområde, parkar, bekkar, elver og vatn i utbygde område.

Grøntkorridor: Samanhengande korridorar mellom byggeområder, der vilt kan kome uforstyrra frå eit område til eit anna.



Naturmangfald: Biologisk, landskapsmessig og geologisk mangfald.

Naturtype: Eit einsarta og avgrensa område i naturen som omfattar plante-, sopp-, og dyrelivet og tilhøyrande miljøfaktorar.

Nøkkelart: ein art som er avgjeranade for balansen i eit økosystem.

Prioriterte artar: Ein art som er særleg truga av utrydding, og som er spesielt beskytta etter naturmangfaldslova med eiga forskrift.



Raudlista: Oversikt over truga og sårbare artar. Lista inneheld også artar som er naturleg sjeldne og difor er utsette for å døy ut. Ein art som er direkte truga står i fare for å døy ut i nærmaste framtid. Ein art som er sårbar er i sterk tilbakegang.



Raudliste for naturtypar: Ei risikovurdering av kva for naturtypar som kan forsvinne frå norsk natur. Naturtypar som er på denne raudlista vert omtala som truga naturtypar.

Utvalde naturtypar: Ein utvald naturtype er ein naturtype som regjeringa har bestemt at skal sjåast på som særleg viktig i offentleg saksbehandling. Ein utvald naturtype får ein handlingsplan som skildrar korleis den kan verte sikra.

Økologi: Samspelet mellom artane og levestadane deira.

Økosystem: Alle levande organismar som finst på ein stad, og miljøet dei lever i.


Økosystemtenester: Skildring av alle goda og tenester me får frå naturen (naturgoda).



Overordna føringar, mål og fokusområde

Noreg har forplikta seg til å stanse tap av naturmangfald gjennom konvensjonen om biologisk mangfald og gjennom den globale Kunming-Montreal-rammeverket for naturmangfald, forkorta til naturavtalen.

Konvensjonen om biologisk mangfald har som målsetting å bevare det biologiske mangfaldet og sikre berekraftig bruk av ressursane i naturen.



Stortingsmelding nr. 35 (2023-2024) er eit resultat av avtala mellom medlemslanda i* Konvensjonen for biologisk mangfald *for å stanse den globale naturkrisa vi står i. Den har 23 mål.

Utviklingsavdelinga har hatt ansvaret for å utarbeide kommunedelplan for naturmangfald. Planprogrammet blei vedteke 07.10.2024. Planprogrammet gav føringar for det vidare arbeidet.

Planprogrammet legg føringar for kva kommunedelplanen skal resultere i. I vedteke planprogram er desse måla sett:

- auke kunnskapsnivået for politiske og administrative vedtak
- samle kunnskap om naturverdiar i bygda
- finne kunnskapshol vi må tette

Kommunen har hatt to dialogmøte der innbyggarane kunne fortelje kva for natur som var viktig for dei, kvifor den var viktig, og kva som var verdifullt for dei. Det har også blitt gjennomført spørjeundersøkingar; ein for ungdomsskuleelevar og ein for fastbuande og turistar, publisert på Facebook. Tilbakemeldingar frå fastbuande og turistar viste at naturen i Ål er verdifull for dei.

Tilbakemeldingane sei at friluftsliv, sanking og oppleving av ro og stille er kvalitetar som naturen i Ål kan by på, og som er verdt å ta vare på.

Etter tilbakemeldingane har vi valt å endre på måla for planarbeidet til desse:

- Styrke kunnskapen om, og omsynet til, naturmangfaldet i kommunen.
- Gjennomføre arealplanlegging og ein arealbruk som tek vare på naturen.
- Sikre eit mangfald av vilt og minimalisere konflikten mellom vilt og samfunn.
- Motverke og hindre spreiing av framande artar.
- Ivareta livskraftige førekomstar av raudlisteartar og nøkkelartar.

Kva verdi har natur?

For at vi skal ta vare på naturen sine verdiar i brei forstand, treng vi eit felles språk og felles oppfatning om naturverdi som omfattar alle verdiane naturen har. Verdi kan vi dele i grunnleggande verdiar og spesifikke verdiar.

Grunnleggande verdiar er rettferd, fridom, ansvar og god helse.

Spesifikke verdiar kan delast i tre:

1



Foto: Tin Are Linderud

Instrumentell verdi:
Jakt, fiske og tømmer, rein luft og vatn.

2



Foto: Torleiv Torgersen


Relasjonelle verdiar:
Stadar vi likar å vere, artar i skogen, på tur med andre menneske i naturen.

3



Foto: Tin Are Linderud

Naturen sin eigenverdi:
Andre artar sin rett til å leve.



Naturpanelet er eit globalt vitenskapspanel. Dei peikar på fem strategiar som må ligge til grunn for kloke avgjerder vi tar på vegne av naturen:

1. Ta vare på det som er av naturmangfald og restaurere plassar av verdi for menneske og natur.
2. Sette i gang tiltak som fremmar endringar i sektorar med størst påverknad på natur.
3. Gjere endringar i økonomien, som blant anna legg vekt på natur og likskap, som for eksempel naturrekneskap.
4. Sikre involvering og openheit i prosessen rundt avgjerder.
5. Endre samfunnet sine verdiar og syn på forholdet mellom menneske og natur, blant anna ved å ta innover seg ulike former for verdiar og sette spørsmålsteikn ved sosiale normer rundt forbruk.

Naturen i Ål

Ål kommune er stor i areal, 1 175 km². Vi har rundt 5000 innbyggarar og over 3000 bygde hytter (2024-tal).


Det vil sei at om det er to personar på kvar hytte samstundes, doblar innbyggartalet seg mange helger og veker i året.

Kunnskapsgrunnlaget i Ål

Kartet under viser kartleggingsstatus for viktige naturtyper i 2020. Størstedelen av Ål kommune hadde få og ufullstendige kartleggingar. I 2024 blei det kartlagt vegetasjon på Hevjanåsen og på Veståsen, og i 2025 blei nordleg del av Kvinnegardslia og Pålset ved Syningen kartlagt.

Gjennom sommaren 2024 blei det gjennomført kartlegging av vadefugl- og rovfuglbestanden i Ål. Denne kartlegginga blei gjennomført som eit fellesprosjekt med Hol kommune. Arbeidet blei utført av Asplan Viak. I Ål blir det for tida kartlagt leikplassar for storfugl.

Våren 2025 starta vi eit prosjekt for å kartlegge beverbestanden i kommunen, samstundes som vi gjennomfører ein oppdatering av trekkruter for elg.



Kartet viser status på kartlegging for viktige naturtyper i 2024. Raudt viser ingen kartlegging, gult ufullstendig kartlegging og grønt er godt kartlagt. (Illustrasjon: Ål kommune)

Verna område

I Ål har vi desse verna områda:

Fødalen landskapsvernområde

Fødalen blei verna i 1992, og det er Statsforvaltaren som har forvaltningsmyndet. Formålet var å ta vare på eit vakkert og tilnærma urørt austlandsk dal- og fjellandskap. Verneverdien er knytt til at det er det einaste store området i Ål som ikkje er påverka av tyngre tekniske inngrep. Faktaarket for området sei at det også er eit viktig område for villrein, og opphaldsplass for rovdyr.

Tuftelia naturreservat

Tuftelia blei verna i 1973, og det er Statsforvaltaren som har forvaltningsmyndet. Tuftelia er eit område med urørt barskog med urskogpreg. I 2009 blei det hogd inntil grensa av verneområdet, noko som har ført til ein del vindfall innanfor grensene. Det har blitt søkt om å få utvida grensene for Tuftelia naturreservat. Om søknaden blir innvilga, vil totalarealet vere 475 daa.

Vola


Vola blei lagt inn i Verneplan I av Stortinget i 1973. Den blei vurdert samla med andre vassdrag i Gol og Hemsedal. Det var ei vurdering om vernet skulle vare i 10 år, eller om vernet skulle vare evig. Departementet hadde «ikke noe imot varig vern av Liaåni, Loggi, Vola og Høvern» (St.prp. nr. 4 1972-73). Komiteen si innstilling blei samrøystes vedteke i Stortinget.



Fødalen ein vindstille morgon. Foto: Bård Svardal



Sulutjørn, ei dødisgrop fylt med vatn. Foto: Dagfinn Ystad



Teikningane viser korleis ei dødisgrop blei danna. Veggane i istunnelane smelta seint fordi dei var isolerte av grus på alle kantar. Då isveggane smelta, rasa grusen ned og danna grytehol, eller dødisgroper. (Teikningar: Håkon Rueslåtten)

Geologien i Ål

Ålingsfjella ligg i enden av Jotundekket. Store førekomstar av rike bergartar som forvitrar lett har lagt grunnlaget for ein rik fjellnatur, gode beite og fiskevatn.

Landskapet vi har her i Ål er eit resultat av geologiske prosessar over millionar av år. Til dømes er Reineskarvet ein del av skyvedekket frå kaledonsk tid. Seinare har fleire istider forma landskapet til det det er i dag.

Istida har slipt berggrunnen og dratt med seg stein, sand, silt og leire, og avsett massane i smelteperiodar. Lausmassane vi har er med andre ord ikkje fornybare, då det trengst ei ny istid for å få meir lausmasser. Lauvdalen er eit område som fortel mykje om korleis isen forma landskapet. Isen låg i dalbotnen, opp til reinekanten på Reineskarvet. I kalde periodar låg den nok også høgare. Blokkmarka øvst på skarvet er eit resultat av frysing og tining. I front av isen låg det ein smeltevassdam, demt opp av isbreen som framleis låg og stengde ut mot Vats og Leveld.

Under isen rann det smeltevatn i tunnelar. Der blei det avsett grus fordi det var vatn som stengde i utkanten av isbreen. Desse formasjonane blir kalla eskerar eller geiteryggar.

Veggane i istunnelane smelta seint fordi dei var isolerte av grus på alle kantar. Då isveggane smelta, rasa grusen ned og danna grytehol, eller dødisgroper. Dødisgroper finn vi blant anna på Lauvdalen, Sulutjern i Satakroken og i Granhagen.

I Ridalen er det det geologane kallar eit blokklandskap. Blokkane har frose fast i isen og blitt frakta nedover. Då isen smelta, blei blokkane liggande.

Fjell

Fjellet er ofte karrig, klimatisk krevjande og har derfor eit mindre artsmangfald enn mange av dei andre naturtypane vi har. Artane som lever i fjellet, er spesielt tilpassa desse omgjevnadane.

Frå dei fyrste menneska som følgde i spora til villreinen og fram til i dag har vi hausta av ressursane i fjellet. Her er interessekonflikten tidvis stor mellom vasskraft, hyttebygging, turisme og beitenæring.

Villreinen er ein art som klarar å utnytte dei marginale matressursane gjennom dei krevjande og vêrharde vintermånadane. Føresetnaden for dette er at reinen får vandre fritt over store område, utan at leveområda blir stykka opp. Villreinen er ein nøkkelart. Klarer vi å sikre gode levevilkår for villreinen, sikrar vi gode levevilkår for alle artar på fjellet.

Kartleggingar i fjellet

Fjellområda i Ål er lite kartlagte, men det er grunn til å tru at det er knytt stort artsmangfald til rasmarker og andre kalkrike område i fjellet. Berre ein lokalitet med kalkrike område i fjellet er registrert i kommunen sjølv om det finst store areal med høge fjelltoppar og rik berggrunn. Det er derfor grunn til å tru at fleire rike parti kan finnast i fjellet, inkludert område med godt potensiale for krevjande arter av blant anna mose og lav i tillegg til karplanter.



Nordfjella villreinområde

Vi har eit internasjonalt ansvar for villreinen. I dag er det berre eitt av dei nasjonale villreinområda våre som har status God etter kvalitetsnorma. Dei 23 andre har status som Middels eller Dårleg.

Etter at det vart oppdaga CWD-smitte i villreinstamma i Nordfjella vart all rein i sone 1 tatt ut i 2018. I 2024 kom Stortingsmeldinga om villrein. Arbeidet med tiltaksplan for Nordfjella er i sluttfasen og planen skal truleg ut på høyring i 2026. Reetablering av villrein i sone 1 vil truleg starte opp i 2027. Det vidare arbeidet med desse sakane vil kunne få innverknad på arealbruken i Ål kommune i åra framover.

Fragmentering av villreinens leveområde er vurdert til å vere den største trusselen for villreinen, både lokalt og nasjonalt.


Områda rundt Reineskarvet har vore meir brukt av villreinen tidlegare, og mest som vinterbeite. Før nedskytinga var det hovudsakeleg sporadisk bukkebeite. I kunnskapsgrunnlaget (2025) er det fire områder i Ål som er omtalt.



Tiltak for å redde villreinbestanden i Noreg: (Meld. St. 18 (2023-2024))

1. Heilskapleg og restriktiv arealforvaltning i villreinfjellet
2. Auka tilrettelegging for villreinvennleg ferdsel
3. Betre villreinhelse
4. Meir berekraftig bestandsforvaltning av villrein
5. Målretta restaurering av leveområda til villreinen.

Foto: Anders Mossing



Avgrensingane i Regional plan for Nordfjella med Raudafjell 2014-2025

Planen er ein vidareføring av *Felles kommunedelplan for villrein i Nordfjella/Hardangervidda villreinområde*, som blei vedteke i kommunestyra i Aurland, Hol, Hemsedal, Lærdal, Ulvik og Ål mellom 1997 og 1998. I regional plan blei Raudafjell i Voss også inkludert i Nordfjella villreinområde.

Kjerneområdet er forvaltningsområda i dei nasjonale villreinområda, fastsett av Miljødirektoratet. Området omfatta dei viktigaste leveområda for villreinstamma i Nordfjella med Raudafjell. Kjerneområdet er den strengaste sona i forhold til tiltak.

Randsona inkluderar leveområde for vilrein som ikkje er definert som nasjonalt villreinområde, med mindre strenge forvaltningsreglar. I denne sona kan det etablerast nye stiar og løyper, eksisterande reguleringsplanar kan gjennomførast, men det åpnast ikkje opp for nye planar.

Kommunane skal utøve eit særskilt ansvar i høve til planar om tiltak som kan føre til auka aktivitet inn i villreinområdet.


Avgrensing i Kvalitetsnormen for villrein (2020)

Trong for å gjere justeringar i kartet på grunn av ny kunnskap gjennom GPS-merking av dyr. I den forbinding blei Raudfjella i Voss eit sjølvstendig villreinområde.

Kartgrunnlaget frå tidlegare kartleggingar blei presentert i 2021 og ei arbeidsgruppe jobba vidare med kartet og fastsette:

- kalvings- og oppvekstområder
- sommar- og haustbeiter
- vinterbeiter
- trekkruter
- fokusområder med influensområder.

Vidare har det blitt laga eit utkast til tiltaksplan, der det er etablert faggrupper innan friluftsliv og motorferdsel, bestandsforhold, karft og anleggsvegar, samferdsel, landbruk og arealplan. Desse gruppene skal jobbe vidare med tiltakspakker.



Gyrinose - Flævatn og aust for Flævatn
To trekkruter allereie neddemt. Bruksfrekvensen for villreinen er redusert til over 90% i sommar og haustperioden, men under 50 % i vinterperioden. Ikkje relevant å vurdere redusert aktivitet i kalvings- og oppvekstperioden.

Fanitullvegen
Trafikken på vegen og ferdsel ut frå vegen er av ein slik karakter at reinens bruk er redusert til over 90 % i sommar- og haustperioden, men under 50 % i vinterperioden. Det er ikkje relevant å vurdere redusert aktivitet i kalvings- og oppvekstperioden.

Skiløyper Reine - Blomestølen og omegn
Potensielt vanskeleg for villreintrekk på sørsida av Reineskarvet. Grad av redusert bruk er satt til å vere under 50 % i sommar- og haustperioden og 50-90 % i vinterperioden. Det var ikkje relevant med redusert aktivitet av området i kalvings- og oppvekstperioden.

Breistølen - Bjordalsbu - lungsdalshytta
Sommarsti og vinterløyper har ulike traséar. Barriereeffekten er relativt liten (under 50 %) for sti og løyper i området Breistølen - Bjordalsbu, mens nærområdet rundt lungsdalshytta er vurdert til å vere eit sterkt påverka område (over 90 %) i sommer, vinter og kalvingstida.



Skog

Skog er den naturtypen med størst artsmangfald. Me kjenner til omlag 26 000 arter som har tilhald i skogane i Noreg. Dei fleste artane finst i gamal skog, slik som insekt, sopp, lav og mose. Død ved er eit viktig livsmiljø for svært mange artar.

Skogen skal løyse mange oppgåver framover. Det grøne skiftet er avhengig av store mengder fornybare ressursar frå skogen. Samtidig treng vi å ta vare på gode areal av gammalskog/naturskog, for å redusere tap av artar. Ein robust og variert skog er ein føresetnad for å minske konsekvensane av eit villare og våtare klima.

Skogen i Ål er prega av bratte lier, frå dalbotnen og opp til tregrensa. Mange høgdemeter på relativt kort avstand. Med stor variasjon i klimatiske forhold, både i høgde over havet, soleksponering og ulike geologiske forhold. Der skogen blir drive intensivt, ofte i lettare drivne område og på gode bonitetar, har vi produksjonsskog. Einsarta skog har lik alder og høgde. Botnsjiktet blir ofte tilsvarande, få artar dekker det meste av arealet. Produksjonsskog treng ikkje bestå av berre ein art, gran eller furu. Furua stiller andre vekstkrav, og har annan toleranse, enn grana. Furua trivst på meir skrinn, tørr mark enn gran. Derfor blir desse brukt om kvarandre.

I etterkant av ekstremvêret "Hans" blei det gjennomført skredkartlegging i store delar av kommunen, og vi har god kunnskap om skredfarlege område, samt skogen sin verdi som vern mot naturfare.

Arbeidet med nye skogbruksplanar med miljøregistreringar (MiS-NiN) i Ål tar til i 2026. Ei styrka kunnskap om biologisk mangfald i skog gjev oss betre grunnlag for å kartlegge, overvake og forvalte viktige miljøverdiar i skogen.

Våtmark og ferskvatn

Våtmarkene våre husar eit stort antal sjeldne artar. Desse artene er avhengige av dei spesifikke forholda som oppstår der vatn fløymer over tørt land. Fram til 1950-talet var tilstanden for dei norske våtmarkene framleis god i store delar av landet. Sidan den gong har store våtmarksareal gått tapt. Endringa i arealbruk er hovudårsaka til dagens situasjon. Dette medfører at dei viktigaste trugslane mot norske våtmarker er utfylling og nedbygging, vasstandsregulering, oppdyrking, drenering, skogplanting, forureining, spreiing av framande artar og forsøpling. I dag er tilstanden for dei attståande våtmarkene middels god. Samstundes er fleire av dei mest truga artane på den norske raudlista i Noreg knytt til våtmark, og 10,5 % av alle truga artar på den norske raudlista lev i våtmarksområde.

Myr er eit økosystem der nedbrytinga går så tregt at det blir danna minst eit 30 cm tjukt torvlag. Torv består fyrst og fremst av planterestar. Myra si evne til å fange og binde karbon har gjort at Miljødirektoratet føreslår å forby nedbygging av myr til utbyggingsformål. Vi har store myrområde i kommunen. Mange av desse ligg i område med stort utbyggingspress, spesielt frå hyttebygging.

Myra er viktig av mange årsaker: Som rasteplass for fugl, og levestad for mange planter og dyr. Myra dempar flaum, reinsar vatn, lagrar karbon og fungerer som eit historisk arkiv. I ei tid kor vi opplever eit stadigare våtare og villare klima, blir det endå viktigare å sikre myr og våtmark. Det må kartleggast tidlegare drenerte våtmarksområde, og setjast i verk eventuelle restaureringstiltak.



Foto: Torleiv Torgersen



Ferskvatn

Hallingdalselva renn tvers i gjennom kommunen, frå Kleivi til Trillhus. Mindre sideelver som Kvinda, Votna og Lya bidreg med vatn og levemiljø for fisk og andre vasslevande organismar. Det er mange store, mellomstore og mindre innsjøar spreidd over heile kommunen. Artsmangfaldet er størst i tilknyting til kantvegestasjon langs vatn og elvar. Innsjøar med store belte av siv er spesielt viktige for våtmarksfugl på grunn av moglegheit for skjul og trygge hekkeplassar. Grunne parti av både vatn og vassdrag er viktige område for næringssøk for mange artar.

Ål kommune har mange av biologisk viktige område knytt til myr, våtmark og vann. Vi har eit stort ansvar for å ta vare på artene som avhengig av denne typen leveområde. Samstundes er vassdraga våre mottakere av forureining frå avrenning frå landbruk, anna overflateavrenning, samt luftbåren forureining.

For å redusere den direkte påverknaden på vassdraga, er det viktig at vi sørger for gode kantsoner langs vassdraga. Kantsoner er også svært viktige for viltet, både i form av skjul, leveområde og beite. Ettersom vassdraga våre drenerer ut i Oslofjorden har vi et ansvar for å redusere belastninga på eit fjordsystem som allereie er i knestående. Det er store areal med ferskvatn i Ål. Vi har få registreringar knytt til vassdrag om ein ser bort frå fiskeribiologiske undersøkingar i regulerte vatn og vassdrag.

Kulturlandskap

Kulturlandskapet er eit landskap som er skapt av menneske, gjennom jordbruksdrift som slått og beiting gjennom lang tid. Påverknad frå menneske og dyr har ført til ei spesiell samansetning av planteartar. Denne naturtypen blir omtalt som seminaturleg. I kulturlandskapet finn ein alt frå moderne drift med monokultur til slåttemark, naturbeiteeng, beite på myr og boreal hei. Boreal hei er ein naturtype med artar frå kulturlandskapet i andre naturtypar. Boreal hei oppstår ved utmarksbeiting.

I moderne tid har det blitt mest vanleg med monokultur med nokon få høgtytande grasartar. Med tanke på naturmangfald er ikkje desse areala så interessante, fordi det er få artar på store areal. Insekt har lite mat å finne her, då gras er vindpollinert.

I den gamle slåttemarka finn ein det største artsmangfald på lite areal. I Noreg reknar ein med at vi har 650-700 engartar knytt til denne naturtypen. Naturtypen er dominert av viltveksande artar som vi normalt finn på naturleg opne areal. Felles for desse artane er at dei er ljoskrevjande og toler godt å bli beita eller slått. Denne naturtypen er avhengig av skjøtsel for å halde fram med å vere så rik som den har vore. Med endra driftsform har det blitt færre av artane knytt til desse naturtypane.

Ål har fleire registrerte verdifulle kulturlandskap, og eit utvalt kulturlandskap (UKL Leveld) av nasjonal interesse. Kulturlandskapa er valt ut på grunn av mangfald av artar, byggeskikk, kulturminne og landskapskarakter.

I tillegg har vi to KULA-landskap som er valt ut av Riksantikvaren, Leveld og stølsområda frå Grytingen til Lauvdalen.

Foto: Signe Fuglestek Luksengard



Foto: Lakter

Stølslandskapet


Støling har vore naudsynt for å overleve i fjellbygdene. Stølstradisjonen fins framleis, men det er mykje færre enn før som stølar. Stølslandskapet er framleis viktig som beiteressurs. I tillegg til verdi som beite, er det opne stølslandskapet viktig for biomangfaldet.

Utvalde naturtypar – slåttemark og slåttemyr

I kommunen har vi to av ni utvalde naturtypar; slåttemyr og slåttemark. Utvalde naturtypar har eigne handlingsplanar frå statleg hald. Inngrep som vil forringe dei utvalde naturtypane krev meldeplikt, jf. naturmangfaldlova § 55. Her har kommunen høve til å nekte tiltaket eller gje pålegg om korleis tiltaket skal gjennomførast.

Påverknadar

Dei direkte årsakene til tap av natur er godt kjent. Globalt og lokalt er det endringar i arealbruk, overforbruk av naturressursar, klimaendringar, forureining og framande artar som bidreg til tap av biologisk mangfald.




Arealendringar, forureining, klimaendringar, hausting og framande artar representerer dei fem store globale trugslane mot biologisk mangfald. I Noreg er arealendring den klart viktigaste påverknads-faktoren. Statistikk: Artsdatabanken 2021.

Arealendringar og tap av leveområde

Arealendringar er den største direkte negative påverknadsfaktoren på naturmangfaldet, både lokalt, nasjonalt og globalt. I følgje Arts-databanken påverkar arealendringar 9 av 10 truga artar på landsbasis.

Arealendringar omfattar:

- tap av leveområde
- dårlegare tilstand på leveområda
- oppdeling av leveområda



I takt med at vi blir fleire folk på kloden, treng vi fleire bustadar, vegar, mineral og meir produksjon av mat. Fornybar energi er heilt naudsynt for å redusere utslepp frå fossil energi-produksjon, samstundes som utbygging av vindkraft og vasskraft utgjer store arealinngrep som kan leie til tap av verdifull natur. Arealinngrep kan vere naudsynt, men det er viktig at det vert gjort med minst mogeleg konsekvens for naturmangfaldet. Illustrasjon: Trondheim kommune.




Foto: Tim Are Linderud


Inngrepsfri natur

Inngrepsfri natur er område som ligg ein kilometer eller meir vekk frå større tekniske inngrep. Veg, jernbane, steinbrot og energiutbygging blir rekna som større tekniske inngrep.

Natur som ligg meir enn fem kilometer frå inngrep blir kalla villmarksprega natur.


Regjeringa har forventningar til ei berekraftig utvikling i kommunal arealplanlegging i fjell og utmark, som tek omsyn til arealbruk, naturmangfald og friluftsliv.

Inngrepsfri natur i Norge 2023 (grønt) Bortfalne område 1988-2023 (raud og rosa).



Store inngrepsfrie område (INON) er spesielt viktig for artar som nyttar store urørte areal i livssyklusen sin, eller blir forstyrra av støy og annan menneskeleg aktivitet. Rovfugl og hjortevilt er eksempel på dette.

Energiutbygging er den viktigaste årsaka til reduksjon av inngrepsfri natur.



Inngrepsfrie soner i Ål og endringar i perioden 1988-2023. Mange av dei tekniske inngrepa i Ål kom på 1950-talet, då utbygginga til kraftproduksjon tok til. Frå 1988 til 2023 forsvann 24,5 km2 inngrepsfri natur i Ål, aller mest i sona 1-3 km frå inngrep.

Kartillustrasjonar: Miljødirektoratet

Reell nedbygging i Ål

Bygging av fritidsbustadar utgjer ein stor del av den samla nedbygginga i Ål. Denne nedbygginga viser ikkje i statistikken til inngrepsfrie soner, fordi kraftutbygginga på 1950-talet allereie hadde ført til mange store tekniske inngrep i fjellområda i Ål.


Karta til høgre viser utviklinga frå 1990 til 2025. Tettbygde område for 2025 (dei raude områda) er definerte etter SSB si tettstadavgrensing frå 2024, og inkluderer eksisterande og planlagde fritidsbygg.


I 1990 var hovudtyngda av bustadar og hytter i sentrum og grendene. I 2025 viser fordelinga av eksisterande og planlagde hytter at store samanhengande område på åsane er i ferd med å bli bygde ned.


Grøntkorridorane mellom dalbotn og fjellet blir stadig mindre. Samtidig visar utbreiinga av stigar og skiløyper noko av bruken av arealet rundt hytteområda.

Naturmangfaldet blir påverka i både større og mindre grad. Leveområda til arealkrevjande artar blir fragmenterte og utsette for forstyrringar.

I tillegg kjem skogsbilvegbygging og annan utbygging.








Illustrasjon: Ål kommune



Foto: Kjell-Erik Moseid

Ein av konsekvensane av hyttebygging, er at elgen sine gamle trekkruter kan bli endra. På førre side er eit eksempel frå Torpoåsen. Dette bildet er ikkje unikt, og er noko vi ser fleire stadar der vi samanliknar elgtrekk frå 2006 med registreringane frå 2025. Åtferdsendringar hjå vilt, kan sjåast att hjå tamme beitedyr. Dette sei oss at gode grøntkorridorar mellom utbyggingsområda er viktig.





Restaurering

Det er ikkje lenger nok å ta vare på natur i den tilstanden han er i. Vi må også restaurere det som er øydelagt. Å restaurere natur betyr å gjenopprette og forbetre tilstanden og naturverdiar i område som er forringa eller øydelagde. FN har vedteke at 2021-2030 skal vere det internasjonale restaureringstiåret.

Restaurering kan aldri erstatte urørt natur. Restaurering kan difor ikkje bli ei unnskyldning for å gjere inngrep i nye område. Klassiske restaureringstiltak omfattar å rette opp att natur-område som har vore nedbygde eller oppdyrka, slik som å tette att grøfter i myr eller å fjerne vegar i fjellet.

Det kan også vere aktuelt å restaurere ein art. Målet med dette er å gjenopprette levedyktige populasjonar av utrydningstruga artar. Døme på dette er oppal av fjellrev. Ein annan måte å tenke artsrestaurering på, er å la enkeltartar få større leveområde. Døme kan vere å fjerne tersklar for å betre forhold for fisk, opprette landbruer for villrein over reguleringsmagasin eller fjerne fjellvegar for minske fragmentering av leveområde.

Forureining og forsøpling

Forureining er den nest største grunnen til at artar er utryddingstruga i norsk natur. Det gjeld både i vatn og på land. Forureining har blitt eit mindre problem for norsk natur etter at omfanget av sur nedbør har blitt redusert. Tilførsel av næringsstoff har negativ effekt, både i vatn og på land. Ved stor næringstilførsel går artsmangfaldet ned.

Forureining er lite kartlagt i Ål. Miljødirektoratet har ein kartbase der det er kartlagt potensielle forureiningskjelder. Vanlege kjelder er nedlagte skytebanar, deponi, industri og næring.

Ljosforureining (betyr i denne samanhengen uønska eller overflødig kunstig ljos) påverkar insekt, fuglar, pattedyr, amfibium og planter si biologiske rytme. Meir kunstig ljos kan endre åtferda deira. Gateljos og hytteområde med mykje uteljos kan ljosforureining ofte vere ei utfordring.

Kommunen vedtok reglar for ljossetting i føresegnene til kommuneplanen sin arealdel frå 2009. Det er viktig at det framleis er område som ikkje har kunstig ljos, både for menneske og dyr.

Framande artar

Artar som finst utanfor det naturlege utbreiingsområdet deira blir rekna som framande artar. For å vurdere artar utanfor sin naturlege utbreiingsområdet er det naudsynt å sette ei grense tilbake i tid. Framande artar som blei etablerte i Norge før 1800 blir ikkje risikovurderte, t.d. løvetann.

Artsdatabanken si Fremmedartsliste inneheld ei risikovurdering av framande artar som reproduserer seg utandørs, eller det er truleg at vil kunne reprodusere seg innan dei neste 50 åra. At ein art er på Fremmedartslista er ikkje einstydande med at artane er forbode. I forskrift om framande organismar (FOR-2015-06-19-716) er det ei liste over artar som er forbode å innføre, sete ut og omsette. I 2024 gjaldt det 35 organismar.

Framande artar kjem til Noreg som blindpassasjerar, forvilling, naturleg spreiing eller utsetting. Auka handel, globalisering og klimaendringar vil forsterke spreiinga framover.

Framande artar kan skade naturmangfaldet på fleire måtar. Dei kan endre leveområde og fortrenge artar som finst naturleg på staden, for eksempel ved å utkonkurrere frå matfatet og leveområde, bere parasittar og sjukdommar, krysse seg med artar som finst naturleg på staden eller gjere anna skade. Ved å krysse seg med artar som finst naturlig på staden, kan det genetiske mangfaldet i den opphavelege bli mindre.

Det er registrert 27 framande artar i Ål per 2025. 23 av dei er hagerømlingar. Av dei kartlagte artane er det fire artar som er på forbodslista; filtarve, hagelupin, sibirbergknapp og kjempespringfrø. Desse artane er forbudt å innføre, selge eller plante i Noreg.

Enn så lenge er framande artar eit lite problem i Ål. Risikoen er aukande med komande temperaturendringar.

Foto: Tin Are Linderud

Klimaendringar

Klimaendringane påverkar norsk natur, og mange konsekvensar av klimaendringane er allereie observert. Konsekvensane vil stadig bli større ettersom ein forventar at klimaendringane vil auke. Når klimaet endrar seg og temperaturane aukar, vil artane forsøke å tilpasse seg for eksempel ved å flytte seg til kjølegare strøk. Nokon klarer det, men mange vil bli borte.

Klimaendringar er forventa å vere ein aukande trugsel mot naturmangfald, mattryggleik, vasskvalitet og helse i åra som kjem. Naturpanelet meiner at framtidas utfordringar må løysast sammen og ikkje kvar for seg. Dei tiltaka dei meiner har størst effekt er dei som tek vare på naturen, reparerar øydelagt natur, minkar forureining i vatn og på land, bremsar klimaendringane, og tilpassar samfunnet til eit endra klima.

I Ål har vi ingen kartlegging av korleis klimaendringane påverkar naturen. Ein kan fastslå at klimaendringane vil føre til meir attgroing og at fleire artar vil vekse oppover mot fjellet. Dette vil føre til problem for artar som i dag veks på fjellet og i opne område. Desse artane er ljoskrevjande og lite konkurransedyktige.

For mange artar som lev i fjellet vil ustabile vintrar, med mindre stabilt snødekke på grunn av raske endringar i temperatur og meir nedbør, føre til islag over vegetasjonen. Dette gjer at maten for mange artar blir utilgjengeleg. Til dømes vil det påverke smågnagarbestandane negativt. Få smågnagarar vil kunne føre til auka predasjon av rype og hare (utviklinga i rype- og harebestanden har vore negativ dei siste 30-50 år). Ein annan konsekvens av klimaendringa kan vere arter som skiftar til vinterdrakt (hare og rype) kan bli utsette for auka predasjon i snøfattige vintrar.



Hausting

Menneske har hausta av, og utnytta, naturen gjennom fleire tusen år, og artar har forsvunne frå jorda til alle tider. Forskjellen no er at det skjer i eit mykje høgare tempo enn før. Teknologi, menneskeskapte klimaendringar, befolkningsvekst og stigande forbruk set i dag naturgrunnlaget vårt under stort press. Kortsiktige økonomiske interesser kan leie til overhausting av naturressursane.

Foto: Tin Are Linderud

Andre påverknadar: Friluftsliv

I forhold til naturmangfald har friluftslivet både positiv og negativ innverknad. Høve til å kunne drive med friluftsliv er viktig for at me skal få eit forhold til naturen rundt oss. Den naturen me kjenner til og brukar, vil me og ofte ta vare på.

Skilting og merking av stigar kan vere eit viktig verktøy for å konsentrere og styre friluftslivsferdsel vekk frå sårbare område.

På den negative sida kan stigar, sykkelløyper og skiløyper, føre til slitasje der vegetasjonen har dårleg evne til å reparere seg sjølv. Slitasjen kan bli forverra av klimaendringar, med meir nedbør. Stigar som ligg i hellande terreng kan leie overflatevatn og føre til erosjon.

I Ål har det vore mykje hytteutbygging i store delar av kommunen. Dette har ført til eit breitt nett av stigar, sykkeløyper og skiløyper, og stadig fleire område får auka ferdsel. Løypenettet, saman med hyttebygginga, er med på å snevre inn grøntkorridorar og leveområda for fleire artar. Samstundes er det resursskrevande å drifte desse løypenetta. Det er derfor viktig med ein heilskapleg plan for stig- og løypenett, slik at desse blir etablert i område som er eigna for det. I tillegg er det viktig å balansere område med og utan tilrettelegging, slik at nokre område framleis kan vere urørt.

Å ha oversikt over, og ta vare på, nærfriluftslivsområde i bebygde område er viktig for å sikre at innbyggarane har tilgjengeleg natur i nærleiken av der dei bur. Det treng derfor ikkje vere unik eller sårbar natur for at det skal vere viktig å ta vare på dette.

Dersom det skal etablerast nye skiløyper, sykkelstigar og turstigar i Ål, bør dette sjåast på i ein større samanheng. Omsynet til naturmangfald og urørte område, i både skogen og på fjellet, må vurderast. Det bør óg vurderast om det er skiløyper og turstigar som skal leggast ned eller leggast om, dersom dei er til stor ulempe for villrein, anna vilt eller sårbare naturområde.

Dei største tilretteleggingane for friluftsliv bør gjerast nær bustadområde og hyttefelt. I desse områda kan det og tålast større tilretteleggingar, og universell utforming bør prioriterst. Døme på dette er Elvelangs og Økne tur- og sykkelstig.

Foto: Tin Arve Linderud

Lover, forskrifter og rundskriv

Naturmangfaldslova er den mest sentrale lova når det kjem til naturforvaltning. Ho er sektor-overgripande, noko som betyr at ho gjeld for både private og offentlege tiltakshavarar og for alle tiltak som rører ved natur.

Plan- og bygningslova stiller krav til berekraftig utvikling og gjev høve til å ta miljøomsyn i areal-forvaltninga.

Formålsparagrafane i ***skoglova*** og ***jordlova*** trekker fram omsyn til miljø og naturmangfald innan dei to sektorane. PEFC-standarden er også eit viktig verktøy som skogbruket må forhalde seg til.

Vassressurslova har føresegner om blant anna kantvegetasjon langs vassdrag, samt bruk og for-valtning av vassdrag og grunnvatn.

Miljøinformasjonslova skal sikre ålmenta tilgang til miljøinformasjon. Dette betyr at alle har rett til å krevje informasjon om til dømes kor treverket til utemøblane er i frå, kva industrianlegg slepp ut, eller om offentlege instutisjonar har hatt nok kunnskapsgrunnlag før vedtak.

Anna regelverk som kan påverke på naturmangfaldet er:

- ***nydyrkingsforskrifta***
- ***friluftslova***
- ***lakse -og innlandsfiskelova***
- ***viltlova***
- ***forskrift om fysiske tiltak i vassdrag***
- ***vassforskrifta***
- ***forskrifter for freda artar***.
- ***forskrift om kvalitetsreform for villrein (Ragifer tarandus)***

Rundskriv/Rettleiarar

- Veileder for konskvensutredninger for klima og miljø (M-194)
- Kartleggingsinstruks for naturtyper (M-1621)
- Miljødirektoratets veileder for kartlegging og verdisetting av friluftsområder (M-9)
- Nasjonale og vesentlig regionale interesser på miljøområdet – klargjøring av miljø-forvaltningens innsigelsespraksis (T-2/16)
- Meld. St. 35 (2023-2024) Bærekraftig bruk og bevaring av natur - Norsk handlingsplan for naturmangfald
- Meld. St. 18 (2023-2024) Ein forbetra tilstand for villrein
- Statlige retningslinjer for klima og energi (2024)
-
- Statlige retningslinjer for arealbruk og mobilitet (2025)
- Regional plan for vannforvaltning i Innlandet og Viken vannregion 2022-2027
- Kunnskapsgrunnlaget for delnorm 3 kvali-tetsnormen for villrein i Nordfjella
- Nettsida www.dyretelling.no

Tiltak

Planen skal gjelde for ein fireårs periode.

Tiltakslista skal rullerast årleg i kommunestyret, med ein status på igangsette tiltak.

Mål 1: Ål kommune skal ha god kunnskap om naturen for å ta gode vurderingar før vedtak		
Tiltak	**Ansvarleg**	**Frist/korleis gjennomføre**
Velgje ut nye område for heildekkande kartlegging og søke Natursats eller andre ordningar.	Kommunen/ spele inn til Statsforvaltar	Årleg – i samband med handlings- og økonomiplan
Vidareføre kartlegging av vilt, våtmark, våtmarksfugl og rovfugl.	Kommunen	2026
Vidareføre kartlegging av spelplassar for storfugl.	Kommunen	2027
Vidareføre kartlegging av bever.	Kommunen	2027
Kartlegge artsmangfaldet i vatn og vassdrag.	Kommunen	2030
Vurdere om det er område som treng rekartlegging.	Kommunen	Årleg
Kartlegge skog med naturskogpreg , kalkpåverka skog og sumpskog.	Kommunen	2030

Mål 2: Ål kommune skal ha god kvalitet på økosystemtenestene (sjå s. 10) i uutbygde område		
Tiltak	**Ansvarleg**	**Frist**
Kartlegge natur som treng restaurering.	Kommunen	2029
Restaurere 30 % av kartlagde områder.	Kommunen	2030
Innføre krav til restaurering av inngrep i reguleringsplan.	Kommunen	2026-2030
Utarbeide rettleiar for korleis restaurere natur.	Kommunen	2030
Oppfylle og halde miljømåla i vassforskrifta, samt unngå forringing av vassførekomstane.	Kommunen	2026-2030
Kartlegge og restaurere grøfta myr, sikre intakte våtmarker og styrke innsats i kantsoner.	Kommunen	2026-2030

Mål 3: Ål kommune skal sørge for at framande artar ikkje spreiar seg		
Tiltak	**Ansvarleg**	**Frist**
Kartfeste område med framande artar.	Kommunen	2027
Utarbeide rettleiar for avdeling veg og park.	Kommunen	2027
Utarbeide handlingsplan for framande artar.	Kommunen	2030

Mål 4: Ål kommune skal sørge for at informasjon om naturmangfald er lett tilgjengeleg		
Tiltak	**Ansvarleg**	**Frist**
Informasjon om naturmangfald og kommunen sitt arbeid skal vere tilgjengeleg på kommunen si heimeside.	Kommunen	2027
Informere om frivillig vern av skog til skogeigarar.	Kommunen	2026-2030

Mål 5: Ål kommune skal sørge for at kulturlandskapet blir ivareteke		
Tiltak	**Ansvarleg**	**Frist**
Oppmuntre grunneigerar til å ta i bruk finansieringsordningar som støttar tiltak innan kulturlandskap og kulturmiljø.	Kommunen	2026-2030
Oppmuntre til mjølkebønder til å søke finansieringsordningar for vidare stølsdrift.	Kommunen	2026-2030
Vidareføre måla i Kommunedelplan for beitebruk i Ål.	Kommunen	2026-2030

Mål 6: Ål kommune skal ha ein skånsom tilrettelegging av friluftsliv med omsyn til naturmangfaldet		
Tiltak	**Ansvarleg**	**Frist**
Nye større tilretteleggingar av turstigar og friluftslivsområde skal vere nær bustadområde og hyttefelt. I bustadområde skal universell utforming prioriterast der området er eigna.	Kommunen	2026-2030
Ved bygging av nye turstigar og løyper, bør stadeigne massar nyttast der desse er egna.	Kommunen	2026-2030
Nye stigar bør tilpassast eit våtare klima.	Kommunen	2026-2030
Ta vare på store samanhengande område utan tilrettelegging for friluftsliv, både i fjellet og i skogen.	Kommunen	2026-2030
Naturvenlege materialval ved tilretteleggingar.	Kommunen/ stig- og løype-lag	2026-2030
Ta vare på nærnatur og 100 meterskogar i tettbygde strok.	Kommunen	2026-2030
Det skal ikkje etablerast *nye løyper, stiar og friluftslivtiltak* i kjerneområdet for villrein, sjå figur s. 24.	Kommunen	2026-2030
Nye løyper, stiar og friluftslivstiltak skal leggast utanom viktige trekk- og beiteområde i leveområdet for villrein, sjå figur s. 24.	Kommunen	2026-2030
Eksisterande trasear som skapar konflikt med villreinen, skal vurderast endrast.	Kommunen	2026-2030
Tiltaksplanar for villrein og felles sti- og løypeplan for Nordfjella, kan gje føringar for kva vurderingar som skal gjerast.	Kommunen	2026-2030

Mål 7: Ål kommune skal sørge for at omsynet til naturen blir ivareteke i arealforvaltninga		
Tiltak	**Ansvarleg**	**Frist**
Innføre arealnøytralitet som prinsipp for arealforvaltinga.	Kommunen	2026-2030
Ikkje tillate utbygging eller annan tilrettelegging som reduserer inngrepsfrie naturområde. Samanhengande og urørt natur skal skjermast mot utbygging.	Kommunen	2026-2030
Ikkje tillate utbygging eller annan tilrettelegging som aukar ferdsel inn i sårbare naturområde.	Kommunen	2026-2030
Prioritere fortetting av eksisterande byggeområde framfor etablering av nye.	Kommunen	2026-2030
Bevare viktige grøntstrukturar for viltet, kantsoner/vegetasjonssoner langs vatn og vassdrag, samt grønstrukturar i landskapet der dette har funksjon som korridor.	Kommunen	2026-2030
Stille krav om avbøtande tiltak i alle reguleringssaker.	Kommunen	2026-2030
Det skal gjennomførast ein planrevisjon av alle reguleringsplanar som er eldre enn ti år, parallelt med revisjon av arealdelen for fritidsbustader i kommuneplanen.	Kommunen	2026-2030
Vidareføring av punkt om lysforureining ved rullering av arealdelen til kommuneplan, og ikkje tillate utvendige lyskjelder som ikkje er skjerma, eller som gir lysspreiing oppover/utover.	Kommunen	2026-2030
Gjennomføre klimatilpassing i overvasshandtering, til dømes opning av lukka bekkar og utbetring av kulvertar.	Kommunen	2026-2030
Følgje opp måla for villrein ved ny Regional plan for Nordfjella med Raudafjell med tilhøyrande sti og løypeplan, samt tiltaksplan for villrein i Nordfjella, når denne er vedteke.	Kommunen	2026-2030
Etablere tilstrekkelege omsynssoner for sårbare naturtypar og artar i nye planar.	Kommunen	2026-2030
Ha ein 0-visjon om omdisponering, omregulering av fulldyrka, overflatedyrka og dyrkbar jord.	Kommunen	2026-2030

